



Statens vegvesen

Notat

Til: 3 Postmottak Region vest
Fra: Bompengeforvaltning
Kopi: Kristian Bauge

Saksbehandler/telefon:
Konstantin Stensbak-Friesen / 41104865
Vår dato: 23.01.2018
Vår referanse: 16/28476-201

Takstvedtak for Askøypakken

Vegdirektoratet viser til notat av 12.01.2018 frå regionen, dokument198 i same sak, kor det vert søkt om nytt takstvedtak for Askøypakken.

Endra takst og rabattsystem

Det endra takst- og rabattsystemet er i tråd med opplegget som skildra i brev frå Statens vegvesen datert 31.03.2017, jf. saknummer 16/28476-64. Det foreslåtte takst- og rabattopplegget har fått lokalpolitisk tilslutning i relevante kommunar og fylkeskommunen.

Med basis i dette godkjenner Vegdirektoratet følgande bompengetakstar for Askøypakken i 2017-prisnivå:

Tabell 1. Ordinære bompengetakstar for Askøypakken etter omlegginga til nytt takst- og rabattsystem.

	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
	Fullpris	Fullpris
Askøypakken	Kr. 28,00 kr	Kr. 46,00 kr

Takstgruppe 1: Køyretøy med tilleten totalvekt til og med 3500 kg, samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Takstgruppe 2: Køyretøy med tilleten totalvekt frå 3501 kg, ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale.

Køyretøy i takstgruppe 1 med elektronisk brikke og gyldig avtale får 20 pst. rabatt. Øvrige køyretøy får ingen rabatt.

Timesregel og eit passeringstak på 30 passeringar pr. månad for alle køyretøy med gyldig brikke og avtale vidareførast.

Det gis fritak ifølgje gjeldande takstretningslinjer. Per i dag gjelder følgjande fritak:

Postadresse
Statens vegvesen
Vegdirektoratet
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Brynsengfarete 6A
0667 OSLO

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

- Passasjerar i alle type køyretøy
- Gåande og syklande
- Motorsyklar og mopedar
- Køyretøy i merket gravfølge
- Køyretøy som nyttast til arbeid på bomvegen*
- Køyretøy med elektrisk motor, og som har drivstoffkode 5 i vognkortet*
- Hydrogenbilar med HY-registreringsskilt*
- Kollektivtransport i konsesjonert rute*
- Uniformerte utrykkingskøyretøy, samt sivile utrykkingskøyretøy i tenesteoppdrag*
- Forflyttingshemma med gyldig parkeringsløyve frå kommunen*

Fritaksordningar merka med * føreset elektronisk brikke og gyldig avtale.

Nytt takst- og rabattsystem vert sett i drift frå 01.03.2018.

Takstvedtaket skal annonserast seinast 4 – 6 veker før gjennomføringa. I annonseteksten skal det orienterast om at det er mogleg å klage på takstvedtaket, og at Samferdselsdepartementet er klageinstans.